



Odd Geir Taule
Røsvikhaugane 9
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1404 - 18/81

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
08.01.2018

Byggesak gbnr 65/2,8 Frotaule - sjøveg - stadfesting av mottak av klagegrunnar og trong for tilleggsopplysningar

Radøy kommune stadfestar at vi den 02.01.18 har motteke klagegrunnar for dykkar klage av 12.12.17 over PLT-vedtak 046/2017 av 22.11.17.

Klagegrunnar som gjeld landbruksinteresser/landbruksveg

Kommunen oppfattar at dykkar klage i stor grad er grunngjeve i at det er landbruksinteresser i vegen.

Landbrukskontoret har i notat av 02.10.17 konkludert med at hovudføremålet med vegen ikkje er landbruk. Det er ikkje formelt søkt om eller handsama søknad om landbruksvei etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier.

Det ligg ikkje under klagehandsaminga etter plan- og bygningslova å ta stilling til om vegen er ei landbruksveg. Når saka vert handsama som ein søknad om dispensasjon frå arealføremål landbruk, natur og friluftsliv (LNF) er det fordi det allereie er tatt stilling til at vegen ikkje er ein landbruksveg. Klagegrunnar knytt til at vegen likevel er ei landbruksveg vil såleis ikkje vere relevant og vil ikkje kunne leggjast vekt på i klagehandsaminga. Om dykk framleis meiner at vegen er ei landbruksveg, og at hovudføremålet er landbruk, må saka handsamast etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveger.

Bygningsstyresmakta rår i så fall til at dykk sendar søknad etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier § 2-1, jf. § 1-3 til Landbrukskontoret for Austrheim, Radøy og Fedje.

Det vil i så tilfelle vere tenleg at handsaming av klagesaka etter plan- og bygningslova vert sett på vent inn til ein søknad om landbruksvei er handsama av landbrukskontoret.

Trong for tilleggsdokumentasjon

Kommunen oppfattar at dykk i klagesaka har gjort nokre justeringar for å kome i møte dei signal som Hovudutval for plan, landbruk og teknisk har gitt i sakshandsaminga. Kommunen legg til grunn at tiltaket no omfattar traktorveg (ikkje køyreveg for bil), snuplass og terrenginngrep. Terskelen for søknadsplikt er svært låg i strandsone og alle tiltaka som er nemnd i klagen, inkludert flytting av masser og tilføring av pukk/grus, vil vere søknadspliktig tiltak.

Kommunen skal i dispensasjonsvurderinga ta stilling til konsekvensane av tiltaket, mellom anna landskapsverknaden. Krava til søknadsdokumentasjon er difor høg i strandsonesaker. Kommunen kan ikkje sjå at vi i samband med dykkar klage har motteke revidert situasjonskart, eller anna teikningsgrunnlag som viser tiltaka etter endringa. Kommunen kan ikkje handsame ei strandsonesak basert bare på eit tekstleg grunnlag.

Før klagen kan handsamast må det sendast inn følgjande:

- Nytt målsett situasjonskart som viser faktisk plassering av veg og snuplass etter justering, samt alle andre terrenginngrep som t.d flytting av massar, grøftar og oppfylling av terreng/påfylling av pukk/grus.
- I dei områda der terrenginngrepa førar til endring av høgde frå opphavleg terreng på meir enn 0,5 meter må det også sendast inn målsett snitt som viser opphavleg terreng og nytt planert terreng.
- Lengdeprofil som viser stigning på vegen.

Bygningsstyresmakta ber samstundes om tilbakemelding på om det vil verte sendt inn søknad etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveger.

Frist for innsending av tilleggsopplysningar er 02.02.18.

Når kommunen har motteke tilleggsopplysningane vert saka saksførebudd for handsaming i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk.

Sakshandsamingsfrist

Den kommunale sakshandsamingsfrista for klager etter plan- og bygningslova er 8 veker etter byggesaksforskrifta § 7-1c:

klagesaker skal forberedes av kommunen og oversendes til klageinstansen så snart saken er tilrettelagt, og senest innen 8 uker. Samme frist gjelder der kommunen tar klagen helt til følge og fatter et nytt vedtak. Fristen gjelder for klage i alle byggesaker, herunder klage i byggesaker der tiltaket krever dispensasjon fra bestemmelser gitt i eller med hjemmel i plan- og bygningsloven

Grunna trong for tilleggsopplysningar knytt til endringane som er gjort i klagen og den politiske møtekalenderen vil klagen ikkje kunne handsamast før i møte i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk 07.03.18, jf. forvaltningslova § 11a.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Odd Geir Taule

Røsvikhaugane 9

5914

ISDALSTØ